



Edel Formidling
Marit Nesse
Langerinden 15
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/368 - 14/5919

Saksbehandlar:
Silje Andvik Hoaas
Silje.Andvik.Hoaas@lindas.kommune.no

Dato:
13.03.2014

Søknad om tilskot til utviklingsprosjekt for Edel Formidling

Administrativt vedtak. Saknr: 02/14

Vedtak

Lindås kommune støttar søknaden frå Edel Formidling med 20.000 kroner til å løfte og vidareutvikle kompetansen og kundegrunnlaget til selskapet. Støtta skal hentast frå Lindås kommune sitt næringsfond.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Saksopplysningar/vurdering:

Edel Formidling er eit nystarta selskap i Lindås kommune, som driv undervisning, underhaldning og kulturformidling. Dramapedagog Marit Nesse etablerte selskapet i 2013, etter deltaking på etablerarkurset til Nordhordland Utviklingsselskap i 2012-2013. Sidan starten, har ho for det meste fått og tatt oppdrag frå organisasjonar og verksemder i Nordhordland. Ho ønskjer ho å vidareutvikle kompetansen sin, og på den måten posisjonere seg for å ta ein større del av den private marknaden.

Bibliotek, bokhandlarar, skular, den norske kyrkja, metodistkyrkja og alder- og sjukeheimar står på kundelista til Edel Formidling. I 2013 leverte selskapet tenester til kundar i Knarvik, Austrheim, Bergen, Volda, Porsgrunn og Oslo. Etter eit år med drift, ser Nesse potensialet for å byggje opp ein større kundemasse i både Nordhordland, Bergen og elles i landet. Potensialet ser ho særleg i formidling av bøker på bibliotek og bokhandlarar. Ho ønskjer også å satse på song og forteljing i den kulturelle spaserstokken, den kulturelle skulesekken og formidling av bibelhistorier gjennom musikk, dans og drama i ulike kyrkjesamfunn.

Edel Formidling er målbedrift i Nordhordland Næringshage, og får råd og støtte derifrå. Planen for 2014 er ei satsing på produktpakkar og langsiktige avtalar. Det er på bakgrunn av dette, Edel Formidling søker næringsfondet til Lindås kommune om 40.000 kroner til utvikling av kompetanse, profilering og

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



marknadsføring. Støttesummen utgjør om lag ein halvpart av investeringsbudsjettet for 2014 på 75.000 kroner, der tre like delar skal gå til kompetansehevande kurs i røysteskodespel, profilering og produktpakking.

Ifølgje vedtektene til Lindås kommune sitt næringsfond, skal fondet primært støtte tiltak innan to hovudområde. Eitt av desse er «bedriftsutvikling/etablering». Vidare står det i Strategisk næringsplan for Austrheim og Lindås at kommunane skal arbeide for «større mangfald i næringsutviklinga, og bidra til å styrke næringar innan oppleving, kultur og reiseliv.» Eit tilskot til Edel Formidling støttar opp under begge desse målsettingane, og er såleis i tråd med satsinga kommunen allereie har forplikta seg til.

Med helsing

Silje Andvik Hoaas
næringskoordinator

Kopi til:
Rekneskap